



# Det betyr noko kven som styrer kommunen din



1. mai 2023

SV

[sv.no/bli-medlem](http://sv.no/bli-medlem)



## Det betyr noko kven som styrer kommunen din

Kven som styrer kommunen me bur i påverkar oss kvar dag – ofte utan at me tenkjer særleg mykje på det. Men kommunen har ansvaret for mange av dei viktigaste oppgåvane i samfunnet! Grunnskulen, helsetilbodet for dei eldre, småvegane i området du bur i, vatnet i springen din, og parkar og friluftsområde der born kan leike er berre noko av det kommunen har ansvaret for. Kommunen er ofte også den største arbeidsgivaren der du bur.

Det har noko å seie når kommunen vel å privatisere helsetilbodet. Det betyr mykje for dei tilsette, som ofte får dårlegare løns- og pensjonsvilkår og ei tøffare arbeidskvardag. Det betyr noko for dei eldre, som må sjå nye ansikt heile tida, fordi bruken av midlertidige tilsetjingar aukar.

Det betyr noko for barnefamiliane at nærskulen har nok lærarar, og ikkje må bruke vikarar som blir bytta ut. Det betyr noko at vegane i områda der borna leikar er trygge. Det betyr noko at foreldre har råd til at borna kan delta på SFO og kultur- og fritidsaktivitetar, og ikkje må vere heime medan klassekameratane er på fotballtrening.

### SV jobbar for ein kommune der:

- Alle born skal kunne delta på fritidsaktivitetar, uansett kva slags økonomi familien har.
- Vi prioriterer trygge lokalvegar, framfor enorme vegprosjekt.
- Trygge og faste heiltidsstillingar til tilsette i kommunen.
- Pengane går til velferd, og ikkje profitt til private eigarar.

Gratulerer med arbeidaranes dag, og godt val til hausten!

Røyst SV fra 10.august

**Sosialistisk Venstreparti**  
Hagegata 22, 0653 Oslo  
21 93 33 00  
[post@sv.no](mailto:post@sv.no)  
[sv.no](http://sv.no)

**Meld deg inn i SV!**  
Send SMS med  
INNMELDING <din e-post>  
<ditt namn> <adressa di>  
til 2090 (100 kroner)

